

## Referat etter møte 29.10.2020 ang. buss i Sykkylven sentrum

Til stades: Dag Sindre Slettvoll frå Vy, Heidi Løseth (tillitsvald Vy), Atle Løvold (verneombod Vy), Steven Blindheim (politiet), Odd Jostein Drotninghaug (ordførar), Njell Hoftun (samfunnsplanleggar), Bjarte Hovland (einingsleiar teknisk), Anita Kjersheim (leiar NU), Monica Hjelmevoll (rådgjevar skule).

### Formål med møtet

- Finne løysing på vanskeleg og utrygg trafikksituasjon i sentrum i høve busstrafikk – plassering av busslomme til av- og påstiging for passasjerar.

### Trafikksituasjonen i sentrum – plassering av busslomme

Odd Jostein gav ei kort oppsummering av historikken i saka, som har teke ganske lang tid. Sentrumsplanen er no godkjent og vedteken, med busslommer plassert ved kyrkja. Per no er det lagt inn plass til fire bussar her. Utfordringa er at det må betalast for arkeologisk kartlegging av området før arbeidet kan setjast i gang. Kostnaden her vil kome på ca. 1 mill. i tillegg til utbygginga. Med bygging av sentrumsskulen vil trafikkmønsteret endre seg i sentrum. Skulebussane skal opp til området ved/på noverande grusbane frå aug. 2023 når skulen er ferdig. Dette vil redusere busstrafikken i sentrum noko.

### To alternative løysingar for busstrafikken

Fram til denne busslomma kjem på plass, må ein finne løysingar på meir kort sikt. Det kom fram to alternativ:

1. Gjere ein avtale med grunneigarar (Strømme og Vangen) om å flytte eksisterande busskur i Skulegata til Storgata. Her vil det vere behov for busskur på begge sider av vegen. Dei bør bli plassert på parkeringsplassane ved gamleapoteket for bussar som kjem frå Ålesund og skal vidare. For bussar som kjem frå Stranda vert føreslått plassering rett ovanfor Kiwi, på sørsida (mot Fredriksen-marka). Då unngår ein bussar parkert på begge sida av Storgata rett ovanfor kvarandre. Avtalen kan gjerast midlertidig (2 år), til busslomma ved kyrkjeparken er klar. Om denne løysinga ikkje kan realiserast på frivillig måte med grunneigarane, er alternativ 2 neste løysing.
2. Regulere Skulegata slik at det berre er uttrykningskøyrety, bussar og drosjer (+ varelevering) i denne gata. Steven ordnar med nødvendig skilting og ev. bøtelegging.

### Arbeid vidare

Njell utarbeider skisseteikning for alternativ 1. Ordføraren målber forslaget til grunneigarane. NU eig saka vidare.

### Spørsmål i etterkant av møtet

Det må kartleggast kor mange bussar det er behov for i busslomma ved kyrkjeparken. Om denne kan gjerast mindre (til to bussar) vert kostnadane kraftig redusert. Her må Vy kome med ei tydelegare tilbakemelding til ordførar.

Ref. Monica Hjelmevoll